

MØTEPROTOKOLL

Herdla sokneråd

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd	16/6-2012	frå kl 18.30 - til 21.30
Sak frå : 28/ 2012 Sak til: 34/ 2012		<u>Møtestad:</u> Kyrkjelydshuset

Frammøtte: 8 av 8 medlemar

Til stades

Medlemer:

Karen Skråmestø, Kjellaug F. Eidsaa, Jonas Bratli, Helge Heggernes, Martin Berland Øystese, Kjell Berland, Astrid Marie Haugland.

Varamedlem: Therese B. Ellingsund

Meldte forfall:

Administrasjonen:

a

Andre frammøtte:

Underskrifter:

.....
.....
.....

Referat frå møte 15. mai vart godkjent.

Sak nr/år

28/2011 Meldingar

Det er sendt ut Spørjeundersøkelse til konf. om aktivitetar dei kan tenke seg å vera med på.
Den 25. oktober vert det møte på Foldnes for alle i sokneråda.
Frank Grimstad og Egil Morland vil orientere om ny kirkeordning.
Set av denne datoen.

29/2012 Gudstenesteliste

17/5 Kl 11.00 Astrid Marie Haugland. Offer: Misjonsarb. v/Leif Heggernes.
Klokkar: Karen. Tekstlesar:

27/5 Kl 11.00 Harald Forland. Felles gudsteneste for heile Askøy. Etter gudstenesta var det mat på kyrkjelydshuset. Dåp. Offer: Det Norske Misjonsselskap.

- Dåpsvert: Kjellaug. Klokkar: Helge . Tekstlesar: Frå andre sokn.
10/6 Kl 11.00 Astrid Marie Haugland. Utegudsteneste på fortet? Nattverd. Offer: Arbeid i kyrkjelyden.
Kyrkjevert: Nina Fauskanger. Klokkar: Martin. Tekstlesar: Konfirmantar.

- 24/6 Kl 11.00 Astrid Marie Haugland. Dâp. Offer: Redd Barna.
Kyrkjevert: Therese. Dåpsvert: Karen. Klokkar: Jonas. Tekstlesar:
22/7 Kl 11.00 Harald Forland. Nattverd. Offer: Diakoni.
Kyrkjevert: Karen. Klokkar: Martin.

30/ 2012 Nytt piano?

Pianoet i kyrkja må skiftast ut. Pianostemmaren seier at stemminga held berre kort tid. Det er difor svært dyrt å ha det stemt.

Herdla kyrkje treng eit flygel, og vi håpar å få det på plass til 150-årsjubileet i 2013.

Inntil vidare får vi klare oss med det pianoet vi har.

Kjell undersøker med fellesrådet om prisar og mogeleg finansiering.

31/ 2012 Glasmaleri?

Geir har spurd nokre om dei kan lage glasmaleri, og om prisar, men har enno ikkje fått svar. Saka må difor utsetjast til neste møte.

32/ 2012 Møteplan hausten 2012

Tirsdag 14. august, 11. september, 16. oktober, 13. november. 11. desember.

Les gjennom boka Saman for Guds ansikt. Før neste møtet.

33/ 2012 Kollekten frå musikkvelden 17. juni i Herdla kyrkje går til gjevartenesta.

34/ 2012 Lønna til vikarar for klokkaren går til soknerådsarbeidet.

Neste møte: 14. august 2012

Heggernes, 25/6 2012

Helge Heggernes
skrivar (sign)